



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

Justis- og beredskapsdepartementet
postmottak@jd.dep.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2013/713	4220/2013 / X30		SER / SANGUD	04.09.2013

MELDING OM VEDTAK

NOU 2013:9 "Ett politi - Rustet til å møte fremtidens utfordringer" - Fråsegn

Formannskapet handsama i møte den 03.09.2013 – sak 116/2013. Følgjande vedtak vart fatta:

1. NOU 2013:9 er på mange måtar ei grundig og god utgreiing, som peikar på og drøftar svakheitene ved den norske politimodellen.
2. Kriminalbiletet er i stadig raskare endring, ikkje minst på grunn av større mobilitet og opnare grenser mellom nasjonane, og det er særskild viktig at vi har eit politi som vert sett i stand til å møte dei utfordringane dette medfører.
3. Vanylven kommune vil peike på at frigjering av ressursar ved hjelp av ei storstilt strukturendring (samanslåing) av politidistrikt og velfungerande lensmannskontor ikkje kan vere vegen å gå for å møte desse utfordringane.
Kommunen bed om at det vert teke omsyn til geografi og responstid i det vidare arbeidet.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes

Konsulent

Kopi: Sogn og Fjordane politidistrikt, postboks 85, 6901 Florø
Lensmannen i Vanylven, 6143 Fiskå



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2013/713	<i>Arkiv:</i> X30	<i>Avd/Saksansv:</i> RÅD/SANGUD
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr 116/2013	Utval Formannskapet	Møtedato 03.09.2013
--------------------------------	-------------------------------	-------------------------------

NOU 2013:9 "Ett politi - Rustet til å møte fremtidens utfordringer" - Fråsegn

Tilråding:

1. NOU 2013:9 er på mange måtar ei grundig og god utgreiing, som peikar på og drøftar svakheitene ved den norske politimodellen.
2. Kriminalbiletet er i stadig raskare endring, ikkje minst på grunn av større mobilitet og opnare grenser mellom nasjonane, og det er særskild viktig at vi har eit politi som vert sett i stand til å møte dei utfordringane dette medfører.
3. Vanylven kommune vil peike på at frigjering av ressursar ved hjelp av ei storstilt strukturendring (samanslåing) av politidistrikt og velfungerande lensmannskontor ikkje kan vere vegen å gå for å møte desse utfordringane.

Uprenta saksvedlegg:

NOU 2013:9 "Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer".

Saksopplysningar:

Justis- og beredskapsdepartementet har sendt på høyring NOU 2013:9 "Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer". Høyringsfrist er 01.10.d.å.

Samandraget følger saka som prenta vedlegg.

Utgreiinga er utarbeidd av eit utval nedsett av departementet, og har som mandat å gjennomføre ein analyse av politiet, som skal danne grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av etaten. Analysen skulle peike på framlegg til forbetringspunkt, og tiltak for å legge til rette for betre oppgåveløysing og meir effektiv ressursbruk i politiet.

Utvalet rår til at det vert gjennomført to reformer i norsk politi; ein strukturreform og ein kvalitetsreform. Utvalet påpeiker vidare at sjølv om desse to reformene er framstilte som to sjølvstendige reformer, heng dei likevel i hop og i noko grad dannar føresetnader for kvarandre.

Så langt gjeld strukturreforma rår utvalet til at talet på politidistrikt vert redusert frå 27 til 6. Vidare at antall mindre lensmannskontor vert kraftig redusert frå dagens 354 til om lag 210. Samstundes skal reforma bidra til å spisse oppgåvene til å omfatte reine politikjerneoppgåver. På denne måten meiner utvalet ein styrkar det lokale politiet, og at de m.a. vil føre til kortare responstid.

Kvalitetsreforma har som formål å utvikle eit kunnskapsbasert og effektivt politi med evne til kontinuerleg forbetring og utvikling. Dette omfattar m.a. forbetring i styrings- og leiingsprosessar samt forbetringar knytta til kvalitet og prestasjonar.

Vurdering og konklusjon:

Det er utan tvil mykje bra i anbefalingane til utvalet. Ikkje minst at det vert fokusert på betre styring og leing er nok heilt naudsynt. Likeeins at dette kan medverke til standardiserte arbeidsmetoder og prosessar i politiarbeidet, samt at det vert lagt større vekt på kompetanse og leiarutvikling.

Det er likevel all grunn til å sjå med særskilte auge på mange av konklusjonane til utvalet. Trua på at alt vert bra berre ein sentraliserer og deler inn landet i stadig færre einingar synest vere grunnfesta i statlege utgreiingar. Både NAV-reforma og samanslåing av sjukehus i enkelte deler av landet syner at stort ikkje alltid er synonymt med godt, og det er slett ikkje slik at store einingar alltid er til beste for brukarane. Avstanden mellom publikum og dei som skal yte tenestene vert større, og kostnadsinnsparingane med færre einingar vert som oftast oppete i meir byråkrati.

Dersom utvalet si anbefaling vert oppfølgt kjem Vanylven kommune til å sortere under politidistrikt Vest, med sannsynleg hovudkontor i Bergen.

Politiets Fellesforbund er meir opptekne av at lensmannskontor og lokale politikontor vert styrkte enn av at ein skal redusere talet på politidistrikt og lensmannskontor. Forbundet ønskjer seg eit lokalt forankra politi med ein betre kvardagsberedskap og ei kortare responstid. Til det trengs fleire tilsette, og ikkje sterkare sentralisering.

Det kan i tenkjast at det er både mogleg og ønskjeleg å redusere talet på lensmannsdistrikt, men det må i så fall skje i dei delene av landet der ein kan køyre ferjefritt. Dette går mykje på at folk flest skal kjenne seg trygge ved å ha ein lensmann eller eit politikontor på eiga side av fjorden.

Å tre ein eins struktur nedover eit så variert og oppstykkka landskap som det norske er i det heile ikkje enkelt. Det ser fint ut på papiret, men i praksis viser det seg nærast umogleg å gjennomføre utan at det vil ha negative følgjer for beredskap og tenesteyting.

I alle høve vil utvalet si tilråding om ein stor reduksjon av lensmannskontor gå sterkt ut over mange småsamfunn som allereie har eit godtfungerande politi.

Ei sårt tiltrengt styrking av deler av politiet må ikkje gå på kostnad av tryggleiken folk flest føler ved å ha politiet stasjonert i nærleiken.

Miljøkonsekvensar:

Sentralisering av kontorstrukturen vil ha negative miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Små økonomiske konsekvensar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ei storstilt nedlegging av lensmannskontor vil kunne ha store negative beredskapsmessige konsekvensar.

Fiskå, 27.08.2013

Gudmund Sandnes
Rådmann

Handsaming:

Samrøystes vedtak som framlegget med slik tillegg til punkt 3:

Kommunen bed om at det vert teke omsyn til geografi og responstid i det vidare arbeidet.

VEDTAK:

1. NOU 2013:9 er på mange måtar ei grundig og god utgreiing, som peikar på og drøftar svakheitene ved den norske politimodellen.
2. Kriminalbiletet er i stadig raskare endring, ikkje minst på grunn av større mobilitet og opnare grenser mellom nasjonane, og det er særskild viktig at vi har eit politi som vert sett i stand til å møte dei utfordringane dette medfører.
3. Vanylven kommune vil peike på at frigjering av ressursar ved hjelp av ei storstilt strukturendring (samanslåing) av politidistrikt og velfungerande lensmannskontor ikkje kan vere vegen å gå for å møte desse utfordringane.
Kommunen bed om at det vert teke omsyn til geografi og responstid i det vidare arbeidet.